

**Meland kommune**  
**P.b. 79**  
**5609 Frekhaug**

Reguleringsplan Hoplandsdalen Jorddeponi og steinuttak      MERKNADER

Vi viser til tidlegare merknader frå oss når det gjeld dette prosjektet, skriv av 13.06.10 og 31.08.12

Dei forandringane som er gjort no, gjer ikkje prosjektet betre, snarare tvert i mot. Våre merknader er difor dei same, og vi er framleis sterkt imot heile prosjektet.

Vi kan ikkje skjønna at Meland kommune vil etablere eit slikt tiltak i nærleiken av busetnad.

**Støy**

**Vi fryktar støyplaga frå anlegget , som truleg vil bli svært plagsam for oss og gå ut over helse og livskvalitet.**

Vi kan ikkje sjå at støyvollar vil ha særleg verknad for oss. Boring/pigging i fjellsida kan ein ikkje byggja støyvollar for.

Vi veit at 55 dbc er sett som grense for støy mot uteopphaldsareal / bustadeigedom. Men vi lurar på kor sterkt det høyrer ut – er det t.d. som ein plenklippar / motorsag / trafikkstøy frå gate??

Tiltakshavar ønskjer opningstid frå 07.00 – 19.00. Det er hans ønskje.

Det er vel rimeleg at ein også tek omsyn til dei berørte naboane sine ønskje, og ikkje berre tiltakshavar ? Her må kommunen koma inn og setja k rav.

**Det er eit absolutt krav frå oss at arbeidstid i anlegget må vera mellom 08.00 -17.00**

**Trafikk**

Vi er også svært skeptiske til trafikkplaga.

Trafikkprognosane frå konsulentfirma var totalt feil og misvisande.

2.000 lass pr.år har no auka til 6.200 lass pr.år ( a 15 m<sup>3</sup>) i 15 år. I snitt 25 lass kvar einaste arbeidsdag /kvar veke/kvar månad /kvart år -!

Går det verkeleg an å bomma så grovt på ei utrekning?

I tillegg kjem køyring **ut** av dalen med stein og singel, så i periodar må vi rekna med at trafikken vil bli mykje tettare. Og her snakkar vi om tungtrafikk.

I same området skal også over 100 barnehagebarn hentast og bringast kveld og morgon. Dette er ein dårleg kombinasjon!

Og kva er det som tilseier at dei greier fylla ut dalen på 15 år?

Truleg vil anleggstida verta forlenga. Allereide no ser vi teikn på det (2 år i tillegg til ferdigstilling).

Jorddeponiet i Hoplandsdalen er, som også tiltakshavar peikar på, eit svært stort naturinngrep som vil føra med seg store ulemper av ymse slag.

Vi undrast om det verkeleg er slik at dette deponiet absolutt må leggjast til Hoplandsdalen? Det må då gå an å finna område som er meir eigna og der ulempene for busetnaden blir mindre.

No er det også positive verknader med deponiet, då det med tida skal bli jordbruksland. Til det er å seia at Hoplandsdalen kan dyrkast slik han ligg i dag. Då kan ein få nytte av jordbruksarealet ganske snart . Må ein venta til dalen er fylt opp av jord, må ein nok venta ganske lenge.

Vi vonar at dei politiske partia vil vurdera saka på nytt og sjå på saka med ”opne auger”.

Etter vårt syn er dei negative verknadene mykje større enn dei positive verknadene ein får ved å gjennomføra desse planane.

**Vi er sterkt imot deponiet i Hoplandsdalen.**

Tveit, 24.04.1014

Bjørn Tveit  
Olaug Tveit

Rune Tveit (e.f.)